

FJELLVARSEL

INFORMASJON FRÅ FJELL VATN, AVLØP OG RENOVASJON AS • NR. 2 • OKTOBER 2017

rein vekst



- Bli med
oss vidare!

PANT PÅ
PLAST
FJELLVAR

NYHET FJELLVAR INNFØRER PANT PÅ PLAST

FjellVAR har saman med Norsk Gjenvinning og kommunane Fjell, Sund og Øygarden fått tilskot til eit større prosjekt for å halde oppe engasjementet kring strandrydding i regionen vår. Egil Landro er ein av mange eldsjelar. **BLA OM OG LES MEIR OM ORDNINGA!**

Foto: BOF

Det ligg dessverre framleis mange hundre tonn med avfall i skjergarden vår, og vi treng alle gode krefter for å ta opp dette avfallet og få det handtert på riktig måte. No tilbyr FjellVAR pant for plasten som blir innsamla.



No får du pant på plasten

SKULEPROSJEKT

Det er med stor glede vi kan tilby, i samarbeid med Coasteering, eit opplegg til skuleelevar i Fjell, Sund og Øygarden. Av praktiske omsyn blir ungdomsskulane først ut, men andre skuleklassar må berre registrere ønske, så ser vi kor stor etterspurnaden er.

Vi ber skulane om å registrere ønskt dag for felter arbeid. Pågangen gjennom skuleåret vil vere avgjerande for om alle får oppfylt sine ønske. Etter påmelding/registrering tek FjellVAR kontakt for å planlegge detaljane med kontaktpersonen.

Skuleklassar kan òg besøkje Norsk Gjenvinning sitt anlegg i samband med etterarbeid.

PANT PÅ PLAST

Alle skuleklassar, lag og organisasjonar kan søkje om å vere med i ordninga med **PANT PÅ PLAST**. Vi gir 50 kr i pant per sekk med **MARINT AVFALL**. For å vere med i ordninga må de først sende inn søknadsskjemaet «Pant på plast». Vi registererer aksjonen, og de kan få ryddeutstyr av oss på gjenbruksstasjonen. Når de er ferdige med ryddeaksjonen, kjem de inn med avfallet, og vi tel opp sekkane. Registrering på førehand og visuell kontroll av avfallet må vi gjøre for å hindre misbruk av ordninga.

PANT PÅ PLAST er open for skuleklassar, lag og organisasjonar som rydder i Fjell, Sund og Øygarden. Alle kan delta i ordninga, kor de kommer fra er ikkje så viktig!

For meir informasjon og registrering: www.fjellvar.as

UTSTYR TIL STRANDRYDDING

Vi har sekkar, big bags og hanskar til strandrydding. I tillegg tillegg tilbyr Norsk Gjenvinning containerar til alle større ryddeaksjonar i vår region. Dette er førstevalet når avfallet kan fraktast til veg eller kai. Om avfallet ligg utilgjengeleg til, har vi også tilgang på kranbåtar og helikoptertransport, men dette må avtalast særskilt.

SORTERINGSGUIDE

1. Rein plast i eigne sekkar. Plasten eignar seg godt til materialgjenvinning.
2. Tauverk og fiskereiskapar, bruk eigne sekkar.
3. Farleg avfall (olje, maling osv.) i kasse eller sekkr.
4. Alt anna går som restavfall og blir energigjenvunne.

Velkommen til gjenbruksstasjonen

Gjenbruksstasjonen i Lonavegen 20 på Straume er det FjellVAR som eier og driver sjølv. Stasjonen er open for levering av alle typar avfall frå hushalda i kommunane Fjell og Øygarden. Næringsdrivande kan nyte stasjonen etter eigne satsar.



Sorter avfallet i hengeren før du kjem til stasjonen.

På stasjonen kan det ofte vere stor trafikk og svært hektisk. Det er derfor viktig at du som kjem innom, viser omsyn til andre kundar og tenkjer gjennom følgjande:

- Hugs å sikre lasta før du kører til stasjonen
- øv gjerne litt på rygging med tilhengar.
- Sorter avfallet så godt som mogeleg før du kjem til stasjonen!
- Følg skilting og dei tilsette sine instruksjonar.
- Tenk på tryggleiken, lat born sitje i bilen.
- Kast avfallet i riktig container. Er du i tvil, spør dei tilsette før du kastar noko i containerane.
- Rydd opp etter deg - du kan låne kost og spade på stasjonen.

Vår nye Wastemaster 5CX gjer at vi kan komprimere avfallet i containerane og fylle dei med 30-40 % meir avfall. Resultatet av dette er at tal containertransportar frå stasjonen er vesentleg redusert. Vi reduserer då trafikken på stasjonen og tungtransport gjennom Straume, eit positivt bidrag til lokalmiljø og klima.



DETTE KAN DU LEVERE GRATIS

- elektronisk avfall
- farleg avfall
- papp
- hushaldningsplast

DETTE KAN DU LEVERE MOT BETALING

- restavfall (inkl. hardplast)
- trevirke
- metall
- hageavfall
- dekk
- steinmassar, flis osv.
- tauverk
- gips
- asfalt

Vi tek ikkje imot større lass av jord og stein.

PRIS PR. LASS

Inkl. mva.

Mindre enn 1 m ³	50,-
1 - 2 m ³	100,-
2 - 3 m ³	150,-
3 - 4 m ³	200,-
4 - 6 m ³	300,-
6 - 8 m ³	400,-
8 - 10 m ³	500,-
Kvar m ³ over 10 m ³	100,-



Nytt gratistilbod!

Frå 1. oktober 2017 blir det gratis å levere båtar opp til 15 fot på gjenbruksstasjonen. Sender du kvitteringen for innlevert båt inn til Miljødirektoratet, får du 1000 kroner utbetalt for å ha levert båten til godkjent mottak.

Les meir på www.fjellvar.as

Vintertid på gjenbruksstasjonen på Straume

Frå og med laurdag 21. oktober innfører vi vintertid på gjenbruksstasjonen.

Opningstider

Laurdag	kl. 10-15
Måndag, torsdag	kl. 10-19
Tysdag, onsdag, fredag	kl. 10-15

Vintertida gjeld ut februar 2018.



Ammunisjon, fyrverkeri, eksplosiv

Det siste året har det blitt funne farlege gjenstandar inne på stasjonen. Våre tilsette jobbar med maskiner og knuser avfall. Ikke lever farlege gjenstandar på gjenbruksstasjonen! Vi blir skremde når folk kaster slikt i containerane.

Innhenting av farleg avfall

FjellVAR gjer ein ekstra innsats for at innbyggjarane skal bli flinkare til å handsame ting som ikkje skal i vanleg boss. Til dømes elektronisk avfall og farlege kjemikaliar. No reiser vi ut for å hente farleg avfall hos hushalda. I veke 40 og 41 har vi leigd inn ein skapbil frå Ragn-Sells, og våre folk vil vere til stades.

Døme på farleg avfall som kan leverast:

Måling, lim, lakk, olje, sprayboksar, reingjeringsmiddel, syrer, basar, alle typar batteri, plantevernmiddel, lyspærer, lysstoffrøy, spillolje.



Dette kan du ikkje levere:

- Medisin - skal leverast til apotek.
- Fyrverkeri og pyroteknisk utstyr, sprengstoff og ammunisjon - kontakt politiet.
- Smitteavfall.
- Isolerglas, eternitt, trykk-impregnert trevirke - dette må leverast på gjenbruksstasjonen.



For denne ruta gjeld:

- Personleg oppmøte. Ordninga er for private hushald og hyttekundar, ikkje næringskundar.
- Bruk tett emballasje (helst originalemballasje).
- Tydeleg merking med opplysningar om innhald.



HER KJEM FJELLVAR-BILEN

Bjørøyna, v/skulen: Fredag 6. oktober kl. 17-20

Møvikhaugen, v/gamlebutikken: Måndag 9. oktober kl. 17-20

Solsvika, kaien: Onsdag 11. oktober kl. 17-20



VASS- OG AVLØPSGEBYR I FJELL KOMMUNE

I juni vedtok kommunestyret ny gebyrforskrift for vatn og avløp med verknad frå 2018. Dei totale gebyra som blir kravde inn, blir ikkje endra som følgje av ny forskrift, men måten gebyra blir fastsette på, vil føre til endringar for kvar einskild abonnent.

Ny gebyr-forskrift

Av totalt 8 000 abonnentar vil om lag 7 500 abonnentar få same gebyr eller lågare, medan om lag 500 abonnentar vil få høgare gebyr. Dersom forskrifta hadde vore gjeldande frå i dag, ville desse gebyrsatsane gjelde:

Fastledd på 5 kr/m² og forbruksledd på 20 kr/m² for vatn (24 kr/m² for avløp).

Dersom forbruket blir stipulert, blir det lagt til grunn at kvar kvadratmeter bruker 1,4 m³ med vatn. Ein bustad på 120 m² får då eit vassgebyr på (fastledd 5 kr/m² x 120 m² + stipulert forbruk 20 kr/m² x 1,4 x 120 m²) 3 960 kroner (4 632 kroner for avløp). Det er litt lågare enn gjeldande forskrift, der vassgebyret er 4 669 kroner (5 566 kroner for avløp).

Dersom du ikkje har vassmålar, skal forbruket ifølgje foreureiningsforskrifta §16-4 stipulerast basert på areal. Dette er sjølv sagt ei forenkling, og FjellVAR anbefaler alle som opplever at det blir stipulert for høgt forbruk, å montere vassmålar. Då betaler du for det som du bruker. Monterer du vassmålar, vil same forbruk bli lagt til grunn for avløpsmengda. Du får med andre ord dobbel effekt.

Mattilsynet har lagt til grunn at kvar innbyggjar i gjennomsnitt bruker 65 m³ med vatn kvart år. Dersom det bur tre personar i ein bustad, vil årsforbruket bli om lag 195 m³. Ein bustad på 140 m² får eit stipulert forbruk på 140 m² x 1,4 = 196 m³, noko som er på linje med det Mattilsynet går ut frå. Men som den årvakne lesar vil sjå, blir reknestykket annleis dersom det til dømes berre bur éin person i bustaden. Som fleire har påpeika, er det ikkje storleiken på bustaden åleine som avgjer kor mykje vatn som blir brukt. Innføring av plikt til vassmålar i nye bustader i Fjell kommune vil gi ei meir rettferdig fordeling av kostnadene og premiere vassparing.

Døme på gebyr

	Vatn (gjeldande forskrift)	Avløp
Bustad 80 m ²	2 640,- (3 944)	3 088,- (4 602)
Bustad 120 m ²	3 960,- (4 669)	4 632,- (5 566)
Bustad 160 m ²	5 280,- (5 394)	6 172,- (6 531)
Bustad 200 m ² + hybel 60 m ²	8 580,- (9 339)	10 036,- (11 133)

Årsrapport med sjølvkostrekneskap er tilgjengeleg på www.fjellvar.as

Fjell kommune blant dei beste på vassforsyning i 2016

FjellVAR deltek i Norsk Vanns tilstandsvurdering av vassforsyninga i kommunane.

Fjell kommune er blant dei seks kommunane som fekk topp skår.

Vassforsyningstenesta i Fjell kommune er stadig blitt betre som eit resultat av politisk vilje til å satse på ei betre og tryggare vassforsyning med blant anna nytt vassverk ved Bildøyvatnet og nye forsyningsleidningar.

Vidare har FjellVAR redusert lekkasjane til eit akseptabelt nivå.

Dersom du vil vite meir, kan du lese heile rapporten på www.fjellvar.as




Kjemi-ingeniør Andreja Peternelj hos FjellVAR tek vassprovar ved Bildøyvatnet.

NÆRING

Privat

Last ned appen!



Har du lasta ned vår tømmekalender-app for iPhone og android? Til no har vi 8469 brukare på appen!

Visste du at ...

... mengda farleg avfall som går til ukjend behandling kvart år, svarar til vekta av 15 200 elefantar.

(Eksempelet er basert på at ein gjennomsnittleg elefant veg 5 tonn.)

... vi kan lage 300 000 syklar av metallemballasjen som blir gjenvunne i Noreg kvart år!

... dersom vi la alle brøda vi kvart år kastar i Noreg, på langs i ei rekke, hadde dei strekt seg frå Nordkapp til Cape Town og tilbake att!

... vi kan køyre 96 meter på eit bananskal?

Nye igloar for glas- og metallemballasje

I haust byter vi ut alle dei gamle skapa som har vore nytta til innsamling av glas- og metallemballasje.

Vi håper desse innsamlingseiningane blir godt mottekte. Hugs at det er emballasje som skal i igloane, ikkje kjelar, panner, speglar, keramikk/porselen og anna! Slikt avfall skal leverast på gjenbruksstasjonen.



Dersom du ønskjer å bli eigar av eitt eller fleire av dei gamle grøne skapa, kan du ta kontakt med oss, så set vi deg på liste. Skapa har tre dører, platetak, metallramme og treveggar. Dei som kan hente skapa sjølv, vil bli prioriterte.

Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon!